



PLANPROGRAM

Tysnes kommune, rullering av samfunnsdel 2016-2028



1. Bakgrunn for planarbeidet

Tysnes kommune har i kommunal planstrategi vedteke at kommuneplanens samfunnsdel skal rullerast med oppstart hausten 2016..

Samfunnsdelen av kommuneplan er kommunens viktigaste overordna måldokument.

Utvikling og utfordringa i regionen og kommunen krev at denne plan no rullerast. Plan- og bygningsloven av 2008 stiller krav om at det utarbeidas planprogram for alle kommuneplaner, også samfunnsdelen. Utarbeiding av planprogrammet vert første del av denne planprosessen.

Planprogrammet skal sendast på høyring og leggas ut til offentlig ettersyn i 6 veker. Det er kommunestyret som endelig vedtar planprogrammet som skal leggas til grunn for planarbeidet.

2. Gjeldande plan

Gjeldande plan er , Kommuneplan – langsiktig del 2003-2015. den inneheld og budsjett og økonomiplan 2003-2006

Samfunnsdelen vart ikkje rullert før siste rullering av kommuneplanen sin arealdelen i 2010, denne løysinga er ikkje mogleg denne gongen da ønskja arealbruk må forankrast i ein overordna strategi.

Samfunnsdelen skal ikkje berre jobba mot arealbruk, den skal tena som hovuddokument for alle kommunale sektorar.

3. Kommunal planstrategi

I Kommunal planstrategi ligg vedtak om oppstart av fleire kommunedelplanar i 2016.

Kommunedelplan for trafikkisikring.

Kommunedelplan for kyststamveg.

Kommunedelplan for idrett og friluftsliv, i tillegg til rullering av kommuneplanens samfunnsdel med etterfølgjande rullering av arealdel i 2017.

Kommunal planstrategi inneheld og oversikt over kommunale temaplanar.

Landbrukskontoret utarbeidar ny forvaltningsplan for hjort og gås, forvaltningsplan for gås pågår og forvaltningsplan for hjort skal ha oppstart i 2016.

Kulturminneplan er under arbeid, strategisk næringsplan skal leggas inn i

kommuneplans samfunnsdel. Det skal vera oppstart av hovudplan for vatn og avløp.

Kulturskuleplan er utført.

I tillegg skal kommunens administrasjon sjå gjennom planar som har stoppa opp eller ikkje lenger er aktuelle

4. forutsetningar for planarbeidet

Plan og bygningslova

I plan- og bygningslova (pbl.) formålsparagraf (§ 1-1) heter det at lova skal fremje bærekraftig utvikling til beste for den enkelte, samfunnet og framtidige generasjonar. Vidare heiter det (utdrag): Planlegging etter lova skal bidra til å samordne statlege, regionale og kommunale oppgåver og gje grunnlag for vedtak om bruk og vern av ressursar. Planlegging og vedtak skal sikre openheit, førutsigbarheit og medverknad for all råka interesse og myndigheit. Det skal leggas vekt på langsiktige løysning, og konsekvens for miljø og samfunn skal beskrivas.

Prinsipp om universell utforming skal ivareta i planlegging og krav til det enkelte byggetiltak. Det same gjeld omsyn til barn og unge sine oppvekstvilkår og estetisk utforming av omgjevnadane.

Innanfor ramma av § 1-1 skal planer etter denne lov (pbl. § 3-1):

- Sette mål for den fysiske, miljømessige, økonomiske, sosiale og kulturelle utviklinga i kommunar og regionar, klargjere samfunnsmessige behov og oppgåver, og angje korleis oppgåvene kan løysas.
- Sikre jordressursane, kvalitetane i landskapet og vern av verdifulle landskap og kulturmiljø.
- Sikre naturgrunnlaget for samisk kultur, næringsutøying og samfunnsliv.
- Legge til rette for verdiskaping og næringsutvikling
- Legge til rette for god forming av bygde omgjevnader, gode bumiljø og gode oppvekst- og levekår i alle delar av landet.
- Fremme befolkningas helse og motverke sosiale helseforskjellar, samt bidra til å førebygga kriminalitet.
- Ta klimaomsyn gjennom løysningar for energiforsyning og transport.
- Fremme samfunnssikkerhet ved å førebyggje risiko for tap av liv, skade på helse, miljø og viktig infrastruktur, materielle verdiar mv.

Planlegginga skal fremme heilhet ved at sektorar, oppgåver og interesser i et område ses i samanheng gjennom samordning og samarbeid om oppgåveløysing mellom sektormyndigheter og mellom statlege, regionale og kommunale organa, private organisasjonar og institusjonar, og ålmenta..

Planlegginga skal bygge på økonomiske og andre ressursmessige forutsetningar for gjennomføring og ikkje være meir omfattande enn nødvendig. Planer skal bidra til å gjennomføre internasjonale konvensjonar og avtaler innanfor lovas verkeområde. Vedteke planer skal være eit felles grunnlag for kommunal, regional, statleg og privat verksemd i planområdet.

5. Nasjonale og regionale forutsetningar for kommunal planlegging

Det er et viktig prinsipp at kommunen i sin planlegging skal ivareta både kommunale, regionale og nasjonale mål, interesser og oppgåver og at all kommunal planlegging skal legge statlige og regionale pålegg og retningslinjer til grunn.

De framkome mellom anna gjennom nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging, statlige planretningslinjer og planføresegn etter pbl. kapittel 6, samt regional planstrategi, regional plan og regionalt handlingsprogram etter pbl. kapittel 7 og 8.

Slike statlige og regionale retningslinjer og pålegg vil gi et større eller mindre handlingsrom for kommunane, avhengig av innhald.

Aktiv planlegging i kommunane er et viktig virkemiddel for å nå nasjonale mål på disse politikkområdene.

6. Nasjonale forventningar til kommunal planlegging

For å fremme ein bærekraftig utvikling i følgje plan- og bygningslova av 2008 skal det kvart fjerde år utarbeidas eit dokument med nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging. Forventningsdokumenta peiker på kva omsyn fylkeskommunane og kommunane bør vektleggja i sin planlegging for å gjennomføre nasjonal politikk på områder som spenner frå klima og natur til samferdsel, næringsliv og oppvekstvilkår.

De nasjonale forventningane er retningsgjevande for kommunale planer

7. Statlege planretningslinjar og føresegn

Statlige planretningslinjer het tidlegare rikspolitiske retningslinjer. Formålet med disse er å markere nasjonal politikk på områder som det er spesielt viktig at blir følgt opp i planlegginga. De relevante i denne samanhengen er:

- Statlige planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsonen langs sjø.
- Statlig planretningslinje for klima- og energiplanlegging i kommunane.
- Rikspolitiske retningslinjer for å styrke barn og unges interessa i planlegginga.
- Rikspolitiske retningslinjer for samordna areal- og transportplanlegging.

Statlige planføresegn nyttast på same måte som retningslinjene, men har større kraft da det innfattar forbod mot angitt bygge- og anleggstiltak.

Norge har éin statlig planføresegn den er frå 2008 og heter: «*Rikspolitisk bestemmelse om kjøpesentre.*»

Målet med føresegna er å styrke by- og tettstadsentra og legge til rette for miljøvennleg transportval, dvs. unngå en utvikling med by-spreiing, økt bilavhengighet og dårlegare tilgjengelegheit for dei som ikkje disponerer eller ønske å bruke bil.

Det overordna og langsiktige mål er å utvikle bærekraftige og robuste by- og tettstadsstrukturar som også bidrar til å redusere klimagassutsleppa.

8. Føremål med planarbeidet

Hovudformålet med planarbeidet er å utarbeide en revidert samfunnsdel til kommuneplan for perioden 2016-2028, som gir de overordna strategiar og mål for den langsiktige samfunnsutviklinga av Tysnes kommune.

Vidare har rulleringen av kommuneplanen sin samfunnsdel til hensikt å

- Forankre planarbeidet godt i kommunen, både politisk og administrativt. Involvere politikare i tidleg fase.
- Skape ein arena for overordna diskusjonar om utviklinga av kommunen, og legge til rette for aktiv medverknad frå innbyggjarar, næringsliv og organisasjonar.
- Styrke kommunen i arbeid og førebuing for nye moment som følger i samband med fastlandstilknytting av E-39 og framtidig kommunestruktur.
- Klargjere kor me er og kor me vil, gjennom å vidareutvikle samfunnsplan som eit retningsgivande og tydelig styringsdokument med klare føringar for oppfølgjande planer og tiltak.
- Utvikle og klargjere forbindelsane frå plandokument til kommuneplana sin handlingsdel og gje kommunen eit betre grunnlag for framtidig arbeid med kommuneplan sin arealdel.

9. Medverknad og framdriftsplan

Rådmannen sin stab, strategisk leiing er administrativ styringsgruppe for kommuneplanen sin samfunnsdel.

Den administrative styringsgruppa sin rolle er å avklare organisering, prosess, framdrift, bemanning og ressursbruk og ta stilling til planprogram og kommuneplan før politisk handsaming.

Ordfører og varaordfører kan hentas inn som observatørar når dette er ønskeleg med representantar fra den politiske styringsgruppa.

Formannskapet har rollen som samfunnsutviklar, og er kommuneplanutval og politisk styringsgruppe for planarbeidet

- Det haldast temamøte om samfunnsdel i formannskap, kommunestyret og i opne bygdemøter.

Tema kan vera :

- Bærekraftig utvikling
- klima og energi
- Befolkningsutvikling
- Sysselsettings- og næringsutvikling
- Teknisk infrastruktur, beredskapsomsyn og samfunnstryggleik.
- Barnehage og skule

- Kultur, idrett og friluftsliv
 - Eit inkluderande samfunn
 - Helse og omsorg
- Det settast av tid til å halde ein verkstad / samfunnsplandag på rådhuset, eller ein paviljong sentralt plassert som ein arena der Tysnes kan gje sine idear vidare til politikare og administrasjon.
 - Det skal leggest til rette for medverknad frå eksterne ressursgrupper som ungdomsråd, næringsråd ol.
 - Tidligere plansjef i Tysnes kommune trekkast inn som ressursperson etter avtale.
 - Det gjennomførast konsekvensutgreiing av nye areal for bustad og fritidsbustad næring og akvakultur, og det kan vurderast andre strategiar og satsingsområder.
 - Konsekvens av trase for E-39

Tidsplan:

- Formannskapet handsamar planprogram i møte 23/11-2016 med framlegg til kommunestyret, som legg programmet ut til høyring.
 - Kommunestyret kan vedta planprogram og oppstart i første møte i 2017 eller min. 6 veker etter at planprogram er lagt ut.
 - Innspel til samfunnsdel innhentas ved at arbeidsgruppa presenterer eit førebels utkast til samfunnsdel – strukturoppbygget – våren/sumaren 2017 på et arbeidsmøte/ verkstad bestående av representantar frå næringsliv, administrasjon, samarbeidsråd, samt lag og foreiningar.
 - Folkemøter på tema vurderes fortløpende
-
- Arbeidsgruppe- og temamøter gjennomførast vidare sumar og haust 2017 med ambisjonar om vedtak av samfunnsdel med etterfølgjande oppstart av rullering av arealdel haust/vinter 2017/18.